

Ope møte om:**Vestlandsbanen over Haukeli – eit nasjonalt og regional nøkkelprosjekt**

Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, avd. Rogaland, ønskjer velkomen til ope informasjonsmøte i lunsjtida om Vestlandsbanen over Haukeli:

Tid: 13.06.2017 kl. 11:30 – 12:30

Stad: Kløver Hotel, Skulegata 1, Sauda.

Enkel servering med kaffe, te, vann, frukt, kjeks.

Program:

11:30 Velkomen. Presentasjon av Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli.

v/nestleiar i avd. Rogaland og ordførar i Sauda, Asbjørn Birkeland.

11:40 Vestlandsbanen over Haukeli – eit nasjonalt og regional nøkkelprosjekt

v/dagleg leiar i Norsk Bane, Jørg Westermann

12:00 Vestlandsbanen – status og framdrift. Saman står vi sterkare.

v/sekretær i Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli, kommunikasjonssjef i Norsk Bane, Thor W. Bjørlo

12:20 Spørsmål/debatt/oppsummering

12:30 Slutt

Velkomen!

Møtet blir arrangert i samband med påfølgande generalforsamling i Norsk Bane AS same sted.

Kort om Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli:

Lyntogforum Vestlandsbanen over Haukeli arbeider for høgfaringsbana Oslo – Bergen, Haugesund, Stavanger i eit fleirbrukskonsept for både langdistanse-, regional- og godstrafikk. Frå Norsk Bane si utgreiing med Deutsche Bahn International har vi detaljerte traséframlegg og drifts- og samfunnsøkonomiske analysar med svært positive resultat. Dei detaljerte planane opnar for rask realisering så snart politiske vedtak er fatta.


Vestlandsbanen blir også InterCitybane Bergen – Haugesund – Stavanger og gir eit stort felles arbeids- og kompetanseområde på Vestlandet, med svært korte reisetider internt, samt til/frå Austlandet. Nokre døme på reisetider til/frå Sauda er: Stavanger ca. 41 min, Haugesund 26 min, Bergen 55 min Oslo 1:45 Sjå plansje på neste side for fleire stasjonar og reisetider. Vestlandsbanen vil også gi ein påliteleg og effektiv godstransport på ca. 5 timar mellom Vestlandet og Oslo, over natta til kontinentet.

Vestlandsbanen er framtidsretta og smart samferdsel, som gir høg mobilitet på ein berekraftig måte. Elektrifisering av store mengder overført fly-, bil- og godstrafikk til bane, vil bidra til store kutt i klimautsleppa.

Deutsche Bahn International konkluderer med at inntektene til banen vil vere så store at dei vil dekke både dagleg drift av toga, vedlikehald og nedbetaling av heile investeringa over 30 år. Dette blir i stor grad og stadfesta ved gjennomgang av Jernbaneverkets lyntogutredning¹.

¹ http://www.norskbane.no/download.aspx?object_id=DFA245FFE91C4C34B64AFCB5962746D7.pdf

Eksempler på mulige reisetider til / fra Oslo



Stasjoner med under 20 min. reisetid fra Oslo er ikke tatt med i oversikten av plasshensyn. Det gjelder mot vest: Majorstua, Nationalth., Skøyen, Lysaker, Sandvika og Asker, mot nord Lillestrøm, Nittedal, Harestua og Grua, og mot sør Kolbotn, Ski, Ås og Vestby.

Ved Hønefoss og Eiker: tilknytning til Hallingdalen / Finse via Bergensbanen og til ny ringbane via Modum og Hokksund.

Ved Bjorli: tilknytning til Åndalsnes via Raumabanen.

Rødt markerer ferdige traséforslag, blått baner under arbeid.

